



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/980 - 1
---------------------------	--------	-----------------------------

Høyringsuttale - strukturendringar i Vest politidistrikt

Kort samandrag:

Saka gjeld høyringsuttale i samband med føreslegne endringar av Vest politidistrikt. Dei ønskjer å gjennomføra ei omorganisering av den geografiske strukturen. Målet i følgje framlegget, er å etablere ei berekraftig, moderne og operativ organisering som sikrar gode polititenester og tilstrekkeleg beredskap, samstundes som ein tek omsyn til økonomiske rammer og framtidige behov.

Innstillinga byggjer på faglege vurderingar og behovsanalysar sett ut frå leiinga i Vest politidistrikt sin ståstad.

Formannskapet drøfta saka i møte 27. september og ba kommunedirektøren koma med framlegg til ei høyringsuttale frå kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek framlegget til høyringsuttale slik det ligg føre.

Vedlegg:

Høyringsbrev – endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt (1)

17042026 Innstilling til strukturendringar i Vest politidistrikt (1)

Framlegg til høyringsuttale Vest politi

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

Vest politidistrikt har sendt framlegg til endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane på høyring til kommunane. Bakgrunnen for arbeidet er mellom anna endringar i det tryggleikspolitiske biletet, eit meir komplekst kriminalitetsbiletet, klimaendringar og ekstremvêr, teknologisk utvikling og demografiske endringar.

Samstundes viser politidistriktet til trongare økonomiske rammer og utfordringar med å rekruttera og halda på medarbeidarar innanfor dagens spreidde organisering.

Vest politidistrikt tilrår mellom anna:

- å vidareføra tre geografiske driftseiningar (GDE), med vurdering av talet på GDE-ar etter at den nye strukturen er innført.
- å redusera talet på politistasjonsdistrikt til 9 gjennom fleire samanslåingar.
- å vidareføra 22 politistasjonar.
- å etablerea 7 «tilpassa» politistasjonar, der løysinga kan vere mindre lokale eller samlokalisering med kommune eller andre samarbeidspartnarar.
- å fasa ut fire politistasjonar: Aurland, Årdal, Vaksdal og Osterøy.

Vest politidistrikt opplyser at omlegginga ikkje skal redusera det samla talet på stillingar. Dei fleste tilsette vil ikkje få endringar som krev formell omstillingsprosess, men einssilde kan få endra arbeidsstad, arbeidsoppgåver eller leiarstruktur.

For kommunane vil høyringa særleg handla om å vurdere:

- konsekvensar for lokal beredskap og responstid
- politiet si tilgjengelegheit for innbyggjarane
- samarbeid mellom politi og kommune innan førebygging, beredskap og krisehandtering
- om den føreslegne strukturen gir tilstrekkeleg lokalt nærvær i distriktskommunane
- konsekvensar av å leggje ned politistasjonane i Aurland og Årdal

Vest politidistrikt er eit stort og samansett politidistrikt med 38 kommunar, lange avstandar, krevjande vegnett og store variasjonar i folketal, oppdragsmengde og kriminalitet. Politidistriktet peikar sjølv på at ein vesentleg del av politioppdraga er konsentrerte rundt regionale trafikknutepunkt og større befolkningscenter, men understrekar samstundes at det er avgjerande å oppretthalda lokal tilgjenge, førebygging og beredskap også i område med lågare oppdragsvolum og store avstandar.

Målet med strukturendringa er mellom anna å sikra meir målretta nærvær, utvikla større og meir robuste fagmiljø, leggja til rette for meir effektiv ressursbruk, styrkja rekruttering og vidareutvikla samarbeidet med kommunane. Politiet ønskjer samtidig å utvikla forståinga av lokalt nærvær frå primært å vera knytt til faste bygg, til i større grad å omfatta digitale møtestader, mobile møteplassar og andre tilpassa løysingar.

Økonomiske konsekvensar

Ikkje vurdert

Vurdering

For Sogn inneber framlegget at politistasjonane i Lærdal og Sogndal vert vidareførte, medan stasjonane i Aurland og Årdal vert fasa ut. Vik politistasjon vert vidareført, men vert føreslege overført til Voss politistasjonsdistrikt. Kommunedirektøren meiner høyringa difor må vurderast i eit regionalt perspektiv, med særleg vekt på operativ kapasitet, beredskap, responstid og lokalt politinærvær.

Politiet skriv sjølv at distriktet har lange avstandar og krevjande vegnett, og at lokal tilgjenge og beredskap også må oppretthaldast i område med lågare oppdragsvolum.

Vest politidistrikt vurderar at utfasinga av politistasjonane i Aurland og Årdal i liten grad vil påverka responstid og beredskap samanlikna med dagens situasjon. Grunngevinga er at stasjonane ikkje har vore bemanna den seinare tida og heller ikkje har vore oppmøtestad for vakt- og beredskapspatruljar dei siste åra. Politiet peikar likevel sjølv på sårbarheiter ved endringa. Utfasinga kan føra til at innbyggjarane opplever politiet som fjernare frå lokalsamfunnet, og det kan vera risiko for at samhandlinga mellom politiet, kommunane og andre beredskapsaktørar vert svekt. Politiet meiner desse sårbarheitene må møtast med risikoreduserande tiltak.

Som avbøtande tiltak vert det mellom anna lagt opp til mobile møteplassar i Årdal og Aurland. Desse skal gje planlagt og føreseieleg politinærvær på fastsette dagar, tidspunkt eller etter behov. Politiet legg vidare til grunn at heile den geografiske driftseininga Sogn og Fjordane skal fungera som eitt felles vakt- og beredskapsområde, der patruljane vert disponerte av operasjonssentralen etter behov.

Samarbeidet med kommunane skal i følge framlegget vidareførast gjennom mellom anna patruljemannskap, politikontakt, lokale møteplassar og innsatsleiarane i driftseininga. Vest politidistrikt inviterer også kommunane til å koma med innspel om vidare utvikling av politiråd, politikontakt, SLT-samarbeid, beredskap, mobile løysingar og eventuelt interkommunalt samarbeid.

For Lærdal kommune og Sogn vil sentrale spørsmål etter kommunedirektøren si vurdering vera:

- om den nye strukturen sikrar tilstrekkeleg operativ kapasitet og tilfredsstillande responstid i ein region med store geografiske avstandar

- om ressursane som vert frigjorde gjennom redusert stasjonsstruktur faktisk vert nytta til å styrkja operativt politinærvær i regionen
- korleis politiet dimensjonerer ressursane når folketal, oppdragsmengde, geografi, gjennomgangstrafikk, turisme og risiko for naturhendingar kan trekkja i ulike retningar
- kva funksjon og bemanning Lærdal politistasjon konkret skal ha etter omorganiseringa
- kva konsekvensar overføringa av Vik til Voss politistasjonsdistrikt får for det samla politi- og beredskapssamarbeidet i Sogn
- korleis kommunane skal involverast i den vidare utviklinga av polititenestene

På bakgrunn av ei samla vurdering av framlegget har kommunedirektøren formulert eit framlegg til høyringsuttale som ligg ved saka.